

Tussa Energi AS
Langemyra 6
6150 ØRSTA

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Vår dato: **07 APR 2008**
Vår ref.: NVE 200706432-10 kti/auko
Arkiv: 312 /097
Dykkar dato: 27.06.2005
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Auen Korbøl
22 95 93 44



Org.nr.:
NO 970 208 939 MVA
Bankkonto:
7694 05 0897

Tussa Energi AS - Oversendelse av tillatelse til bygging av Dalegjerdet og Standal kraftverk i Ørsta kommune

Vi synar til Dykkar søknad av 27.06.2005

Vedlagt oversender vi løyve med vilkår i medhald av vassressurslova § 8 for bygging og drift av Dalegjerdet og Standal kraftverk i Ørsta kommune.

Grunngjevinga for løyvet er gitt i vedlagde KTI - notat 25/2008 - Bakgrunn for vedtak

Vedtaket gjeld løyve etter vassressurslova og omfattar tilhøvet til allmenne interesser i vassdraget. Løyvet gir ikkje ekspropriasjonsløyve slik at tiltakshavar sjølv har ansvar for å avklare dei privatrettslege tilhøva til dei andre som har rettar i området.

Vi gjer spesielt merksam på at detaljplanane, jf. post 4, skal vere godkjende av NVE før arbeidet vert oppstarta. Forslag til klassifisering av vassdragsanlegga med omsyn til tryggleik, basert på brotkonsekvens, skal sendast NVE for godkjenning i samband med planlegginga, jf. forskrift om klassifisering av vassdragsanlegg. Vi minner også om at tiltakshavar må sjå til at planane er i samsvar med kommunal reguleringsplan og/eller arealplan.

Dersom Tussa Energi AS vel tilknytning til det eksisterande 132 kV nettet med etablering av transformator vil ikkje NVE handsame detaljplanane før det er avklara om denne vert oppretthaldt, jf. våre merknader i bakgrunn for vedtak-notatet.

Vedtaket kan påklagast til olje- og energidepartementet (OED) innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til OED og sendast gjennom NVE.


Når kraftverket vert sett i drift, skal skjema for melding om idriftsetting fyllast ut og sendast NVE. Skjemaet er tilgjengeleg på NVE sine internettsider.


Vi gjer også merksam på at i samsvar med reglar utarbeidd av Toll- og avgiftsdirektoratet skal den som ønskjer å starte kraftproduksjon minst ein månad før oppstart registrere verksemda i det tolldistrikt der verksemda har sin forretningstad. Registreringsplikta gjeld for kraftproduksjon i aggregat med generator som har en merkeyting på 100 kVA eller meir. Kraft produsert i slike anlegg



er avgiftspliktig. Meir informasjon ligg på internettadressa www.toll.no eller ved å ta kontakt med nærmaste tollstad.

Med helsing


Øystein Grundt
seksjonssjef


Auen Korbøl
overingeniør

Vedlegg: Løyve (vassdragskonsesjon) til bygging av Dalegjerdet kraftverk
Løyve (vassdragskonsesjon) til bygging av Standal kraftverk
KTI-notat 25/2008 - Bakgrunn for vedtak

Kopi m/vedlegg: Ørsta kommune, Rådhuset, 6150 ØRSTA
Møre og Romsdal fylke, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Statens vegvesen - Region midt, Fylkeshuset, 6404 MOLDE
Naturvernforbunde it Møre og Romsdal v/ Øystein Folden, 6630 TINGVOLL
Norges Naturvernforbund i Volda og Ørsta, v/Knut Festø, Egeset, 6100 VOLDA
Ålesund-Sunnmøre Turistforening, Postboks 250, 6001 ÅLESUND
Møre Folkehøgskule, Postboks 14, 6151 ØRSTA
Standal Kristin K, 6184 STORESTANDAL
Standal Grendalag, v/ Svein Stavset, 6184 STORESTANDAL